
Vår referanse 2021/5290-2
Dato 21.02.2021

SEIM BYGG AS
Nesbrekka 28
5912 SEIM

Att. Terje Seim

Merknad - Nabovarsel - Fv. 5474 Lurevegen - Seim - Gnr 172 bnr 212 - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til nabovarsel mottatt 16.02.2021. Varselet gjeld oppføring av bustad på gnr 172 bnr. 212 i Alver kommune.

Vi mottar nabovarsel som eigar av fylkesveg 5474 Lurevegen.

Vi har og ei rolle som forvaltar av fylkesveg. Vi gjer difor merksam på at nye tiltak innanfor planområdet til Nilshøyen må forholde seg til byggjegrænse langs fylkesvegen. Vi har lagt til grunn at regulert byggjegrænse langs fylkesvegen er 15 meter frå vegmidte. Byggjeforbodet innanfor byggjegrænsa gjeld for alle type tiltak, så som utsprenging og utgraving, planering av terreng, murer og så vidare. Vi meiner nabovarselet medfører tiltak nærare fylkesveg enn det planen legg til rette for.

Planområdet for Nilshøyen tangerer planområdet for reguleringsplan «Seim skule med utbetring av fv. 402». Det kan ikkje gjerast tiltak som medfører vanskar med å framføre fylkesveg med fortau slik den er regulert. Behov for sikring av bustadtomt mot fylkesvegen bør vurderast i byggesøknad.

Med helsing

Hege Løtveit
leiar

Tone Bøyum
senioringeniør

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

ALVER KOMMUNE Postboks 4